

Referat frå møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap

Møtestad: Statens Hus, Bergen S.
Tidspunkt: Onsdag 13. november, kl. 09.00 – 15.30.

Medlemar til stades:

Aurland kommune v/ Terje Horvei.
Voss kommune v/ordforar Hans Erik Ringkjøb.
Vik kommune v/ ordforar Marta Finden Halset.
Lærdal kommune v/ ordforar Jan Geir Solheim.
Stranda kommune v/ varaordforar Svein Lunde.

Miljødirektoratet v/ Gaute Sønstebo.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Geir Moen (e.f.)
Møre og Romsdal fylkeskommune
v/ Willy J. Loftheim.

Bisitjarar:

Magnhild Aspevik, adm. Lærdal kommune.
Inge Bjordal, adm. Stranda kommune.
Arlen S. Bidne, adm. Sogn og Fjordane fylkeskommune.
Tore Bjørgo, adm. Hordaland fylkeskommune.
Kjell Kvingedal, FM Hordaland.
Tom Dybwad, FM Sogn og Fjordane.

Andre:

SNO Geiranger- Herdalen v/ Kjell Hansen.
Anbjørg Nornes, VOF Nærøyfjorden.
Hanne Lykkja, Aurland Naturverkstad.
Helene B. Fjortoft, VOF Geiranger-Herdalen.

Forfall:

Norddal kommune v/ ordforar Bjørn Inge Ruset.
Stranda kommune v/ ordforar Jan Ove Tryggestad.
Riksantikvaren v/ Trond Taugbøl.
SNO Aurland v/ Kristoffer Ullern-Hansen.
Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/ fylkesvaraordforar Jenny Følling.

Per Morten Ekerhovd, adm. Hordaland fylkeskommune.
Odd Rune Turvoll, adm. Vik kommune.
Liv Nystad, adm. Norddal kommune.
Hordaland fylkeskommune
v/ fylkesvaraordforar Mona H. Hellesnes.

Sekretariat

Erling Oppheim
Katrinn Blomvik

Leiar Marta F. Halset starta med å ynskje deltakarane velkomne til rådsmøte i Bergen som etter ein kort presentasjonsrunde av deltakarane held fram med fylgjande sakliste:

VF 13/ 13 Innkalling, sakliste og møtereferat.

Tom Dybwad fremja ynskje om utsett handsaming av sak 17/13 grunna for lite tid til intern drøfting i organisasjonen hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Dette vart notert og lagt fram for rådet til vurdering ved handsaming av sak 17/13.

Leiar fremja og fekk tilslutning frå motelyden om å endre rekkefylgja på saklista for å sikre handsaming av alle drøftingssakene eit samla råd.

Elles ingen merknader til innkalling, sakliste eller utsendt referat frå møte i verdsarvrådet i Flåm den 19. og 20. august.

VF 14/ 13 Orienteringar og meldingar.

1. Verdsarvkomiteen sitt møte i 2013.

Gaute Sønstebo, Miljødirektoratet, orienterte om Verdsarvkomiteen sitt 37. møte i Kambodsja og saker som var til handsaming der. Det låg føre 33 ny nominasjonar til Verdsarvlista kor komiteen si handsaming resulterte i at 19 nye fekk plass på lista, 7 i retur for ny / betre søknad, og 7 fekk avslag/ ikkje grunnlag for innskriving. Av dei 19 nye områda/ objekta som vart innskripte er igjen 14 kulturarv og 5 naturarv. Verdsarvlista utgjer etter dette til saman 981 objekt/ stader. Noreg vil fremje 2 nye nominasjonar til Verdsarvlista innan 15. januar 2014.

Sønstebo opplyste elles at Miljødirektoratet arbeider med eit framlegg til autorisasjonsordning for Verdsarvsenter som skal sendast over til MD innan 15. januar 2014.

(Sjå elles vedlagt presentasjon.)

Verdsarvrådet tok orienteringa til vitande.

2. Besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap.

Hanne Lykkja, Aurland Naturverkstad, orienterte om status i forprosjektet – sjå vedlagt presentasjon.

Synspunkt og innspel frå motelyden:

- *Besøksforvaltningsplan er ein stor jobb som kan bli oppfatta som noko abstrakt. Kan vere ein god ide å sjå til Jotunheimen og kva dei gjer i høve til besøksstyring/ -leiing der. Bygger på gjesteundersøkingar.*

- *Samfunnsplanlegging på forskingsnivå er vanskeleg, men det er viktig å balansere dei ulike interessene i området. Stor skilnad mellom kommunane – kor tid er nok nok kontra stadig auka vekst? Dette vil samstundes kunne gje berekraftig utvikling ei meining utover grønvasking av cruiseindustrien.*

- *Fjorden er i ferd med å møte "veggen"; kor tid når vi eit tolegrense? Finst det noko grense? Korleis skape motevekt til volumnurismen? Tida er absolutt moden for reguleringar/ begrensingar. Dette kan igjen føre til auka øk. verdiskaping knytt til auka pris.*

- *Viktig å få med næringa/ reisemålselskapa i dette arbeidet men kven ynskjer vi velkomne; korleis involverer vi dei relevante aktørane? Det er like mange meiningar som verksemder og mange er seg sjølv nok.*

- *Skal vi kunne opptre med rak rygg i framtida er det viktig at vi blir einige om ei felles retning og strategi. Dette må på den politiske agendaen; kommune – og fylkesekspolitarane må difor involverast.*

Verdsarvrådet sluttar seg til det vidare arbeidet og tek orienteringa til vitande.

VF 15/13 Tiltaksplanen for kulturlandskapet – søknad om godkjenning som avtalepart.

Fylgjande dokument var sendt medlemene i lag med innkalling/ saksutgreiing:

- *Søknad frå Tormod Urheim, Vossestrand, om godkjenning som avtalepart.*

Det låg føre eit kort saksutgreiing frå sekretariatet utan tilråding til semje. Etter eit tid med drøfting konkluderte motelyden likevel med fylgjande :

Semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet godkjenner Tormod Urheim, Vossestrand, som avtalepart til verdsarvmidlane over tiltaksplanen for kulturlandskapet for Vestnorsk fjordlandskap. Godkjenninga gjeld i denne omgang for åra 2014, 2015 og 2016.

Det vert sett som vilkår at Urheim sitt foretak vert registrert med Gudvangen/ Ramsøy som forretningsadresse.

VF 16/13 Strategiplan for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap 2014 – 2016:

Fylgjande dokument var sendt medlemene i lag med innkalling og sakliste:

- *Framlegg til "Strategiplan VF 2014-2016".*

Det låg føre ei kort saksutgreiing frå sekretariatet med framlegg til fylgjande semje:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap godkjenner "Strategiplan 2014-16" slik den ligg fore i møte den 13. november då. og legg denne samstundes til grunn for rådet sitt vidare arbeid.

Handsaming i rådet

Tom Dybwad fremja fylgjande tillegg: *"Strategien må i tillegg innehalde eit punkt om at Verdsarvrådet må medverke til auka kunnskap om naturen og bruk av området."*

Etter drøftingar konkluderte motelyden med fylgjande:

Semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap godkjenner "Strategiplan 2014-16" slik den ligg fore i møte den 13. november då. med fylgjande tillegg:

- *Strategien må innehalde eit punkt om å medverke til auka kunnskap om naturen og bruk av området.*

Strategien vert frå same tidspunkt lagt til grunn for rådet sitt vidare arbeid.

VF 17/13 Revisjon av retningslinene for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

Fylgjande dokument var sendt medlemne i lag med innkalling og sakliste:

- Framlegg til reviderte retningsliner pr. 01.11.13.

Fylgjande dokument vart lagt fram for leiar/ sekretariat ved motestart:

- Fullmakt dagsett 11.11.13 til Geir Moen til å stemme på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Det låg føre ei kort saksutgreiing frå sekretariatet med framlegg til fylgjande semje:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap godkjenner reviderte retningsliner pr.1. november då. og legg desse til grunn for rådet si organisering og oppgåver frå og med 13. november då.

Handsaming i rådet:

Tom Dybwad fremja utsett handsaming av saka til neste møte i rådet grunna for lita tid til intern drøfting i organisasjonen hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Etter eit tid med drøfting konkluderte møtelyden med fylgjande:

Semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet utsett handsaming av sak om reviderte retningsliner til fyrste rådsmøte i 2014.

VF 18/13 Val av leiar.

Det låg føre ei kort saksutgreiing frå sekretariatet utan tilråding til semje.

Handsaming i rådet:

Jan Ove tryggestad vart fremja som ny leiar av Verdsarvrådet for åra 2014 -2015.

Semje i Verdsarvrådet:

Jan Ove Tryggestad, ordførar Stranda kommune, vart vald til ny leiar av Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap for perioden 2014 - 2015.

Hovudsekretariatet (Sekretariatsleiar) vart i same tidsrom lagt i Geirangefjordområdet og stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.

VF 19/13 Val av nestleiar.

Det låg føre ei kort saksutgreiing frå sekretariatet utan tilråding til semje.

Handsaming i rådet:

Hans Erik Ringkjøb vart fremja som ny nestleiar av Verdsarvrådet for åra 2014 - 2015.

Semje i Verdsarvrådet:

Hans Erik Ringkjøb, ordførar Voss kommune, vart vald til ny nestleiar av Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap for perioden 2014- 2015.

VF 20/13 Møteplan 2014.

Det låg føre ei kort saksutgreiing frå sekretariatet med framlegg til fylgjande semje:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap legg til grunn fylgjande møteplan for 2014:

1. Dato: 1.- 2. april 2014. Stad/ vertskap: Norddal kommune.

2. Dato: 1.- 2. oktober 2014. Stad/ vertskap: Lærdal kommune.

I tillegg vart det ved behov gjennomført arbeidsmøter mellom leiar/ nestleiar og sekretariat.

Handsaming i rådet:

Møtelyden drøfta nærare framlegg til tidspunkt og møtestad nærare noko som resulterte i fylgjande:

Semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap legg til grunn fylgjande møteplan for 2014:

1. Dato: 26. – 27. mars 2014. Stad/ vertskap: Voss kommune.

2. Dato: 1.- 2. oktober 2014. Stad/ vertskap: Stranda kommune.

Datoar for møte på Voss vart endeleg fastsett etter samråd med ordførar Hans Erik Ringkjøb.

I tillegg vart det ved behov gjennomført arbeidsmøter mellom leiar/ nestleiar og sekretariat.

Rett etter lunsj vart Marta F. Halset avtakka som leiar av Verdsarvrådet. Nyvald nestleiar Hans Erik Ringkjøb takka for innsatsen og overrekte gåvehelsingar frå Geirangerfjorden og Nærøyfjorden.

Orienteringar og meldingar.(framhald, jfr. saklista.)

7. Korte orienteringar om status:

- Kjell Hansen, Statens naturoppsyn Geiranger, orienterte kort om status i arbeidet – *jfr. vedlagt kopi av PPT.*
- Per Morten Ekerhovd, Hordaland fylkeskommune, orienterte kort om stoda kring det pågåande arbeidet/ prosessen for vidareføring av Bybanen frå Bergen sentrum mot Åsane. Eit av fleire alternativ som er til drøfting / vurdering er å legge Bybanetraseen rett framfor verdsarven Bryggen, noko som ikkje utan vidare er problemfritt då dette grip rett inn i OUV'n til Bryggen. Andre alternativ som vert drøfta er å legge Bybanen i tunell bak Bryggen, noko som igjen kan føre til at tilkomsten vert vanskeleg for brukarane av Bybanen samt andre vasshusholdninga i grunnen under Bryggen. I sum ei kompleks sak for politikarar og forvaltning kor målet er å få til ei løysing som fremjar bruk av Bybana / redusere biltrafikken i sentrum samstundes om ein vil unngå å kome i konflikt med verdsarvstatusen.

4. Tilskot til kulturminne på Verdsarvlista.

Arlen S. Bidne, kulturavdelinga hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune, orienterte om ordninga med tilskot til kulturminne på Verdsarvlista – *sjå vedlagt eigen presentasjon .*

VF 21/13 Ymse.

Sekretariatet har på oppdrag frå leiar og nestleiar innehente opplysningar om direkte utslepp av septik/ kloakk til sjø frå båtar som går i turisttrafikk på Geirangerfjorden og Nærøyfjorden.

Erling Oppheim la fram fylgjande førebels resultat av kartlegginga:

- **Nærøyfjorden:**
 - Fjord1:
 - $1-2\text{m}^3 * 4 \text{ fartøy} * 65\text{dg} = 390\text{m}^3$. (Snitt)
 - Sognefjorden Fjordsightseeing:
 - Ukjent pr. dato. (*Manglar tilbakemelding*)
- **Geirangerfjorden:**
 - Fjord1:
 - $1,5-2\text{m}^3 * 3 \text{ fartøy} * 65\text{dg} = 390\text{m}^3$.

Dette er utslepp som skjer i samsvar med særforordning/ regelverk. Spørsmålet er likevel om dette er akseptabelt med tanke på verdsarvstatus og området sine marknadsførte kvalitetar.

Handsaming i rådet:

Møtelyden drøfta nærare dei framlagde opplysningane opp mot ei målsetjing om forvaltningsmessig "Best Practise" i Verdsarvområda og konkluderte etter ei tid med fylgjande :

Semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvsekretariatet oversender opplysningane til Fylkesmannen i lag med ein forespurnad om korleis dette kan handsamast vidare med mål om endre regelverk/ setje krav til aktørane på fjorden.

Orienteringar og meldingar.(framhald)

5. Helikoptersaka i Geiranger.

*Fylgjande dokument var sendt medlemmane i lag med innkalling og sakliste:
- Kopi av Samferdselsdepartementet sitt vedtak av 9. oktober då.*

Inge Bjørdal, Stranda kommune, og Katrin Blomvik, Geirangerfjorden Verdsarv, orienterte kort om siste nytt i saka med særleg fokus på Samferdselsdepartementet si handsaming av klagen frå Stranda kommune. Dei reiste innleiingsvis spørsmålet: Kva gjer vi no?

Helikopterproduktet er ettertrakta og populært, operatøren har samarbeid med lokale aktørar. Samstundes er det ei stor utfordring at ein lokalt ikkje ser ut til å ha verktoy for å regulere / setje rammer for helikopteraktiviteten som er lite ynskt av andre næringsverksemdar i Geiranger. Ein kommunedelplanprosess kan vere eit alternativ til legge inn restriksjonar/ handsame og fastsetje støysoner.

Lokalt er ein no oppmoda om å utarbeide eit notat om turistflyginga i Geiranger som så vert oversendt til Miljøverndepartementet. Departementet vil så spele dette inn til det interdepartementale verdsarvutvalet. Ynskjer i denne samanheng rådet si støtte til notat.

Merknad frå Rådet: *Verdsarvrådet vil støtte notatet med tilvisning til tidlegare uttalar og fråsegner i denne saka.*

Verdsarvrådet tok elles orienteringa til vitande.

6. Landbruket i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap.

Fylgjande dokument var sendt medlemmane i lag med innkalling og sakliste:

- Notat frå Inge Bjørdal, Stranda kommune, om situasjonen for husdyrbruket i Geiranger.
- Notat frå Helen Haaland, FMLA Sogn og Fjordane, om situasjonen for husdyrbruket i Nærøyfjordområdet.

Inge Bjørdal orienterte vidare med grunnlag i nemnde notat. Situasjonen i Geiranger er urovekkjande med tanke på framtidig husdyrbruk og drift. Tal produsentar er i dag under "kritisk masse". Det er særskild viktig å få på plass ekstra investeringstilskot for å oppgradere driftsapparatet. Har snakka med Innovasjon Norge som opplyser at dei kan innrette sin aktivitet etter signal frå departementet (NHD).

Møtelyden ser at det er viktig å styrke økonomien i tiltaksplanen gjennom generell auke i areal- og beitebidraga, men særleg gjennom etablering av eit ekstra investeringsbidrag. Det er vidare viktig å støtte opp om dei produsentane som er att; medverke til styrka motivasjon og framtidstru. Medlemar av rådet kan td. vere med på besøksrundane som vert gjennomført i regi av landbrukskontor/ landbruksavdeling.

Merknad får møtelyden:

Verdsarvsekretariatet imnehentar erfaringar med overføringsverdi frå prosjekt/ satsingar som ma. har sett fokus på ivaretaking av brukarane/ produsentmiljøet.

Verdsarvrådet tok elles orienteringa til vitande.


7. Korte orienteringar om status (framhald)

- Anbjørg Nornes, verneområdeforvaltar Nærøyfjorden, orienterte kort om stoda sidan sist. Den 14. november vert det gjennomført møte i Fagleg rådgjevande utval for Nærøyfjorden kor ma. innspel til tiltaksplanen for verneområda vonleg vert fremja. Sjølve tiltaksplanen skal til handsaming i verneområdestyret den 22. november. Vil frametter setje auka fokus på erosjonsskadar i strandsona som fylgje av båttrafikk/ bylgjeaktiviteten.
- Geir Moen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, orienterte om status for verneområdestyret Geiranger - Herdalen sitt arbeid så langt. Verneområdeforvaltar er no tilsett; Helene B. Fjærtøft starta opp i stillinga den 1. september då. *(Syner elles til vedlagt kopi av PPT.)*

Verdsarvrådet tok orienteringane til vitande.

Leiar Marta F. Halset avslutta møtet kl 15.30 og ynskte alle vel heim.

Aurland, 29. november 2013.


Erling Oppheim
Sekretariatsleiar